

Glasbua som kunne berga Voss

Takk for meg!

Innspel



KJARTAN
RØDLAND
BOLSTADØYRI

«Glasbuaprosjektet eit steg vidare», stod det i Hordaland tysdag 4. juli 1989. Det er 25 år sidan no, og «Glasbua» var tanken om å gjera heile kvartalet frå Handelslaget til Brekke og Rokne om til eit overbygd kjøpesenter, altså om lag som dei få sentrale kjøpehus som berga litt av Bergen by. I bladet står det at formannskapet skulle drøfta om det skulle gjevast støtte til vidare planlegging.

EG TVILAR IKKJE på at formannskapet prata, og sikkert godt og lenge, serleg dersom det møtte fram tilhøyrarar også – offentleglova hadde gjeve høve til å møta fram, møtet var for opne dører.

Eg veit ikkje så mykje meir om kva som hende etterpå, men eg tvilar på om det vart stort meir. I alle fall ligg kvartalet i dag stort sett slik det var då fire grunneigarar kom med søknaden sin, dei hadde alt arbeidd med saka i tre år.

I fjor sommar var professor Victor Normann innbeden som talande gjest i den store Vosakonferansen i Kulturhuset, og professoren hylla i varme og store ord Vossevangen. Vangen var ein skikkeleg småby, jubla han – heilt annleis enn den klumpen av kjøpesenter som du møter nesten kvar du kjem elles i fylket. Men når han tok seg ein rusletur rundt i byen sin, var det mest tomme butikklonale og gråpapir for vindauga han såg. Og nokre månader før den solvarme dagen opna Vangstunelen, frå Svartenakken til handelsbyen som held på å veksa fram i Skulestadmoen. Om dette skal vara ved, kan kanskje Hardanger og Voss museum flytta ned frå Mølster til Vangen, det er nok ledig plass, og Riksantikvaren kan freda Vangen som typisk gjenreisningsby.

BYGDEBY. Då kona og eg flytta frå Bergen til Bolstadøyri i 1982, var Vossevangen enno ein sprett levande bygdeby. Butikkane som du trong, låg tett i tett, også spesialforretningane som hadde alt du trong, og ikkje minst: Du møtte folk i butikkane som du kunne spørja om alt du ville vita,



LITA GLASBU: Glasbua skulle gje bygdebyen eit lyft, var planen for 25 år sidan. Det skjedde aldri. Kjartan Rødland gler seg over at ideen lever vidare i Voss Sparebank sitt vakre tilbygg. ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

ikkje berra lesa på hyllekantar og finna pris. Trong du tyngre ting til oppussing av gamalt hus, så var det berre å ringja til Gjerde Bruk, så fekk du alt saman på døra, for ein teigdøling som også var ein dugande treskjarar kom med godsbilen sin ein gong i veka. No er Gjerde Bruk borte, og det same er godsbilen. Treng du noko, får du ordna det sjølv, låna deg tilhengar og ta turen – til Skulestadmoen, Tvildemoen

eller til Palmafossen.

PÅ 1980-TALET var Vossevangen ein ny by, regulert av Leiv Tvilde og andre gode planleggjarar, og vedteken av politikarar som tenkte på å vinna framtida, ikkje hindra det nye. Dei tre brørne på Vetle-Bjørko kom med store lastebilar fylt med ferdigbetong, og dei gjorde det med godt samvit, for her skulle nybygg i brannsikker betong opp fortare enn

svint, i tre høgder og vel så det.

Men så kom det nye politikarar til, og dei heldt seg til Skrifta, til 31. verset i første kapittel av første Mosebok, der det står: «Og Gud skoda alt han hadde gjort, og sjå, det var ovleg godt. Og det vart kveld, og det vart morgon, sjettedagen». Den sjuande kvilde Vårherre, det gjorde politikarane også, og kviler gjer dei framleis.

Dei fire grunneigarane fekk aldri glasbua si. Då bussgarasjane skulle rivast, vart det tala både godt og lenge, ikkje vart det kongresshall, og ikkje vart det handel og næring heller.

DÅ DEI REIV gamlefengslet, var det ikkje for å verta kvitt minnet om eit hus i sorg og synd. Men det hende ingen ting heller. Voss vart knutepunkt for tog og buss, og det vrimla litt over av nøtteskulturaristar frå Flåm også. Men bussane står no som før i Stasjonsbrekka, så mange og så store at dei nesten vippar nedover brekka med bakhjula sine – endå den ideelle bussterminalen ligg der, rett inn til togperrongane. Men der ser du ikkje anna enn parkerte bilar.

Eg trur, ærleg tala, at om dei fire grunneigarane hadde fått eit ja og halleluja frå politikarane, kunne Vossevangen halde på handel og liv. Eg trur at om dei hadde halde på dei gamle planane om sjukehuset på Tvildemoen, hadde det vore ei vel-signing for alle. Eg trur også at dei gamle ville fått det betre om kommunen hadde bygd nytt i Uttrågata, i staden for å isolera dei gamle på Vetleflaten eller oppe ved sjukehuset – der du treng attest frå fastlegen om at du er sterk og frisk for å ta deg opp Rognsbakken til fots til sjukehus og sjukeheim.

NÅR ALL POLITISK DEBATT

handlar om å finna grunnar til ikkje å gjera noko gale, vert resultatet gjerne at ein jagar alle byfunksjonar ut av det indre sentrum, og gjer distriktssentret til ein by der ein må bruka bil og køyra langt – i ein ytre sirkel frå Skulestadmoen og Tvildemoen til Palmafossen. Men utslaga kan verta direkte komiske når ein ikkje ein gong vil godta at Haugamoen ligg i sentrum!

Til så lenge får vi berre gleda oss over at Voss Sparebank var stae nok til å halda ut alle utsetjingar og reiste eit vakkert tilbygg som gjorde bakgata mot stasjonen til ein del av ein bygdeby!

Oppvarming

ORDET FRITT. I ei veke har me jobba med temaet «oppvarming». Me har funne ut korleis skulen (voss ungdomsskule) blir varma opp. Me fann ut korleis skulen blei varma opp ved å snakka med vaktmeisteren på skulen, og han viste og forklarte oss korleis dei gjorde det. Dei brukar vassboren varme. Og da e veldig u-miljøvennleg. Han sa at han heller kunne tenka seg å ta ei slynge i Vangsvatnet

og føra energi ifrå det.

Me fekk og i oppgåve å undersøka skulen vår/spørja kva dei brukte for å varma opp huset med. Me gjekk til to klassar. Me fekk dei til å ta opp handa på det dei hadde. Metodane dei kunne rekka opp handa på var: Varmepumpe, panelovn, varmekablar, vedovn, oljeovn eller gassovn. Dei tre oppvarmingsmetodane som var mest populære var varmpumpe, vedovn og

varmekablar. Det var ganske bra resultat at ikkje så mange brukte dei andre type omnane, som for eksempel gass, olje og panelovn. Det me oppfordrar bygda til, er at dei prøver å ikkje bruka så mykje av dei omnane som er u-miljøvennlege, og at dei heller brukar vedovn eller varmpumpe, da vil gjera at me sparer mykje energi så me kan bruka på andre nødvendige ting. Så i løpet av 1 veka har gruppa

vår lært korleis me brukar energien vår. Og me kunne spart mykje energi, om me hadde tenkt meir miljøvennleg. For eksempel at alle hadde fått varmpumpe istedenfor olje og panelovn. Fordi då sparer me mykje energi.

HELISING FIRE ELEVAR FRÅ 10F FRÅ VOSS UNGDOMSSKULE: SANDRA HELEN HJØRNEVIK OLSEN, LENA UNDERHAUG, OLAV JANSEN OG EIRIK AASBREIN

ORDET FRITT. Ja, så må eg takka av som abonnent på Hordaland. Sikkert ikkje så stort tap for avisa, som ikkje lenger prioriterer dekking av nyhende i Vaksdal kommune. Men eit tap for meg, som i årevis har sett stor pris på Hordaland avis si gode dekning av stoff i Vaksdal og Modalen.

I eit tidlegare lesarinnlegg har eg teke opp dette problemet: Hordaland kallar seg lokalavis for dei fem kommunane Voss, Vaksdal, Ulvik, Granvin og Modalen. I aukande grad vert i alle fall Vaksdal og Modalen fortsett nedprioritert. Det meste av stoffet i avisa har lenge no stort sett vore frå sentrale strøk i Voss. Kanskje avisa no bør ta konsekvensen av det og gå over til å kalla seg lokalavis for berre Voss, evt. med Ulvik og Granvin på slep?

No slepp eg og mange med meg som bur utanfor Voss opna avisa tre gonger i veka og verta skuffa over at det nesten aldri er noko stoff frå vår kommune. Unnataket er sporadiske, negative meldingar om fartsbøter og slagsmål.

Det som har fått mitt beger til å renna over no, er at endåtil folkemøta i Vaksdal med temaet kommunereform-prosessen ikkje er dekkja i Hordaland. Hadde tilsvarende møte vore haldne på Voss, ville det nok fått store oppslag... Dette kallar eg full nedprioritering av Vaksdal.

Ein fordel med den manglande dekkinga av Vaksdal er at lag og organisasjonar – og kanskje kommunen, no kan kutta ut kostnader med annonsering i Hordaland, det er nok med Vaksdalposten.

Til slutt: Eg kjem gjerne att som abonnent seinare viss avisa endrar praksis og lever opp til mottoet sitt om å vera lokalavis for fleire enn Voss kommune! Så til dess følgjer eg med i utviklinga i gratisavisa på biblioteket på Dale, viss dei då ikkje også vel å seia opp avisa Hordaland!

HELISING SIGMUND SIMMENES

Sett & frett

■ Eg har ein kommentar til artikkelen «kvar skal ein klaga på brøytinga». Det er ikkje rart at Bergstø i vegvesenet kommenterer med at det ikkje har kome inn noko særleg med klager, når ein ikkje kjem gjennom på tlf nr 175. Og om ein er så heldig å koma gjennom på 175, så hamnar ein sentralt og får beskjed om at dei ikkje har lokal kunnskap, dei kan ikkje hjelpa oss, men vil ta saka vidare. Har ringt tallause gonger og opplyst om dårleg vegstandard både i form av brøyting og tre i vegen utan at noko skjer før dagevis seinare. Elen dig vegvedlikehald på Dalane, fortel ein bilist som kontaktar redaksjonen.